Rogaland Sau og Geit

Referat

STYREMØTE 15.nov. 2023

Tilstades: Anders Schanche Rettedal, Hanne Lundal, Jon Egil Østerhus, Odd Einar Lundervold, Elin Fuglestad, Lisa Marie Melhus.
Referent: Hilde Elin Østerhus
Møtestad: **Digitalt, teams.**

Saksliste:

1-2023	a) Innkalling godkjent. b) Godkjenning av referat frå førre styremøte: godkjent via e-post.
2-2023	**Faste saker:** **a) Rekneskap og budsjett:** Purring på reiserekningar frå styremedlemmar og kåringsdommarar. Budsjett: Elin og Anders jobbar fram eit budsjett, legg dette fram styremøte desember. b) Handlingsplan c) Arbeidsoppgåver. Leiar skriv julehelsing- blir sendt ut i desember. **d) Styreaktivitet / Møteverksemd** 17.10.23: Regionmøte, Dalane; Lisa Marie Melhus. 14.11.23: Regionmøte, Nord-Jæren; Odd Einar Lundervold. **e) Lokallagsrunden** **f) Neste styremøte:** 13.desember, På Østerhus gard, Suldal. **g) RGL / Gjeterhund;** kort orientering etter dialog mellom leiar i RGL og Leiar i RSG.
13-2023	**Leiarmøte.** Evaluering Program og gjennomføring: Tema, førelesarar og stemning får gode tilbakemeldingar frå fleire hald. Veldig godt å få påminning frå Norsvin om korleis det er å stå i krevjande saker. Læring til neste år: Sende ut deltakarliste i forkant for å mogleg kunne samkøyre til leiarmøte. Lokallagets time på laurdagen, for å spare alle for tid. Innspel frå arbeidsgruppene om dyrevelferd blir gjennomgått på styremøte i desember.
29-2023	**Jordbruksforhandlinga (JBF) 2024**

Leiar: Anders Schanche Rettedal tlf.: 450 44 829 E-post: anders@klostergarden.no
Sekretær: Hilde Elin Østerhus tlf.: 481 65 311 E-post: rogalandsauoggeit@gmail.com

	3 innspel sendt til lokallaga: • Innspel frå Bondelaget om kvalitetstilskot, • Skjema frå NSG med økonomiske faktorar, • Spm om sauekontrollen skal vere krav for alle som driv med sau, med mål om betre prising / prognoser. RSG kallar inn til Digitalt møte med lokallagsleiarane om JBF i januar 2024, slik at lokallaga kan kome med siste innspel før styret i RSG sender sitt endelege innspel til jordbruksforhandlingane, til NSG og Bondelaget.
30-2023	**Årsmelding 2023** Leiarmøtet vart konsultert og stemninga frå dette møtet var at det er ope for å forenkle årsmeldinga jamfør tidlegare år. Styret i RSG vedtek å dette året lage ei forenkla utgåve som blir sendt til alle medlemmar tilgjengeleggjort digitalt, i utskriftsvennleg versjon. Jon Egil Østerhus er u-einig i denne avgjersla, og ynskjer dette protokollført. Eiga arbeidsgruppe / arbeidsutval: ansvar for å finne fram alt som skal vere med i årsmeldinga, samt gjere utval av kva som skal vere med: Elin Fuglestad, Jon Egil Østerhus, Anders Schanche Rettedal.
31-2023	**Årsmøte 2023** Dato: 9.og 10.februar 2024. Vedtak: styret i RSG overlèt til leiar og nestleiar å ta avgjersla på kva hotell me vel å halde årsmøte på, når tilboda kjem frå hotella. Pris og praktisk tilrettelegging vil vere avgjerande. Prosess i saker til årsmøtet: Kåringssaka er under arbeid, i dialog med Sør-Jæren sau og geit. RGL, nemnd eller lag: NSG er i prosess med å finne beste løysing i same saka, RSG ynskjer å avvente vidare initiativ i saka inntil NSG har kome fram til kva dei meiner er ei god organisering for gjeterhundarbeidet i framtida.
32-2023	**Finnøy og Halsnøy sau og geit slår seg saman.** Finnøy sau og geit, samt Halsnøy sau og geit har begge lag vedteke å slå seg saman til eitt lag. Styret i RSG tek dette til etterretning og orienterer NSG om at desse no er slått saman til eitt lag.
33-2023	**Val NSG sentralstyre** Valkomiteen i NSG ber oss vurdere om styret i NSG er samansett av dei rette ressursane, og evt føreslå nye kandidatar til dei ulike verva som er på val. Målet til valnemnda er å finne «Rett person på rett plass til beste for NSG» Styret i RSG sender sine kommentarar på dette, direkte til valnemnda i NSG.
Evt:	

Leiar: Anders Schanche Rettedal tlf.: 450 44 829 E-post: anders@klostergarden.no
Sekretær: Hilde Elin Østerhus tlf.: 481 65 311 E-post: rogalandsauoggeit@gmail.com

34-2022	**Sponsorarbeid:** leiarsamlinga og sponsoravtalane viser at det er gode moglegheiter for auka sponsorinntekter, det er fleire aktørar som ynskjer å få marknadsførings-tilgong til RSG sin medlemsmasse. Styret i RSG ynskjer å auke sponsorinntektene ved å tilby fleire aktørar å sponse laget ved å få å legge ved tilbod tilpassa våre medlemmer, når RSG sender ut medlemsbrev til våre medlemmer. Dei 5 hovudsponsorane får sine logoar i årsmeldinga, framover kan interesserte sponsorar velje å kjøpe seg inn til medlemsbrev og diverse møter me held. Ambisjonsnivå Medlemsbrev: VÅR: før lemminga, HAUST: før sanking og paring og JULEHELSING i desember.
15-2022	**Sanking i tome heiar, orientering:** Usikkerheit knytt til kva omfang arbeid prosjektet vil gje for RSG, uklarheiter krev at det blir bede om skriftleg orientering, der Statsforvaltaren formidlar sine idear om kven som skal halde midlane, fordele desse, fakturere og halde rekneskapen. Kva antal sau, sankelag og medlemmar er involvert og kor stort arbeidsomfang vil dette utgjere for RSG i tiltenkt rolle? RSG ynskjer ikkje å bli tildelt ei rolle som kan medverke til konflikt eller uro mellom medlemmane våre. Kan t.d. RSG framsetje krav om at alle besetningar i samtlege sankelag, også er medlemmer i RSG, om me skal ta på oss så mykje arbeid, eller vil det ikkje vere mogleg når fleire beite / sankelag har medelammar også frå andre fylke? Odd Einar ber statsforvaltaren om å skriftleg beskrive kva dei ser for seg, slik at me kan handtere saka vidare med felles forståing av fakta i saka. RSG ynskjer å sjå an si rolle for administrering av ordninga, fram til det er kjent kva ressursbruk dette vil krevje frå RSG, mogleg også for beitebrukarar som ikkje er medlemmar i RSG.
Evt:	Spørsmål frå Gjesdal sau og geit: kva er <u>fristen for påmelding av lam til kåring?</u> Det er eit Nasjonalt regelverk på dette, som gjeld den digitale innmeldinga til kåring. Reint praktisk, er det fleire variantar rundt om i fylket, lokallaget som tilbyr kåringa kan setje sine tidsfristar til dei som vil stille hjå seg med lam, om innmeldingsfrist til kåringa, gjerne då om kor mange lam ein ha tenkt å stille til kåring med. RSG føreslår at Gjesdal Sau og geit orienterar alle sine medlemmar og dei raselaga frå andre kommunar som kårer sine lam hjå dei,- om ei tidsfrist for innmelding av dyr til leiar for kåringssjå, slik at den praktiske tilretteleggingа kan gjerast i god tid og for det antal dyr som faktisk kjem.

Leiar: Anders Schanche Rettedal tlf.: 450 44 829 E-post: anders@klostergarden.no
Sekretær: Hilde Elin Østerhus tlf.: 481 65 311 E-post: rogalandsauoggeit@gmail.com